

# Årsmelding

## Gol og Herad sokn

2021



Handsama i Gol og Herad fellesråd 17.mars 2022

## **INNHALDSLISTE**

<b>1. Innhaltsliste</b>	<b>side</b>	<b>2</b>
<b>2. Helsing frå soknerådsleiar</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>3. Visjon for kyrkja</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>4. Organisering</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>4.1. Sokneråd og fellesråd</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>4.1.1. Ansvarsområde</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>4.1.2. Samansetning av sokneråd og fellesråd</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>4.1.3. Møter og saker</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>5. Fellesrådet si verksemd</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>5.1 Administrasjon</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>5.1.1. Administrasjonsutvalet</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>5.1.2. Møter og saker</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>5.1.3. Tilsette</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>5.2 Økonomi</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>5.2.1. Innhald rekneskap</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>5.2.2. Resultat drift</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>5.2.3. Resultat investering</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>5.2.4 Ansvarsområde</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>5.2.4.1 Kyrkjeleg adm. , ansvar 41</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>5.2.4.2 Kyrkjene, ansvar 42</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>5.2.4.3 Gravplassane, ansvar 43</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>6. Soknerådet si verksemd</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>6.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>6.2 Konfirmantåret 2019 -2020</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>6.3 Kyrkjeutval</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>6.4 Musikkarbeidet</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>6.5 Diakoniarbeidet</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>6.6 Trusopplæring</b>	<b>side</b>	<b>23</b>

## **2. HELSING FRÅ SOKNERÅDSLEIAR**

Når me no ser attende på året 2021 har dette året også vore prega av koronarestriksjonar. Me fekk litt lettelsjer i haust, men så vart det stramma inn att litt seinare.

Soknerådsmøta våre har vore på teams og e-post fram til i haust, då me hadde møte på kommunehuset.

Med korona kom også mange smitteverntiltak for Gol og Herad sokn. Max antal personar i gudstenester, begravelser og eigne dåpsgudstenester. Konfirmasjonen vart utsett til hausten og det vart ingen konfirmantfest. Det har vorte lagt ned mykje ekstra arbeid for å løyse alle smitteverntiltak i kyrkjene.

Eg vil få rette ein stor takk til alle på kyrkjekontoret for det arbeidet de har lagt ned i denne krevjande tida med korona.

Sokneråd og fellesråd har behandla mange saker og ein del høyringar. Av høyringar kan nemnast:

- Ny strategiplan for Den norske Kyrkja 2022-2025
- Høyring av endringar i gravplasslova og gravplassforskrifta
- Høyring – ny kyrklege organisering.

Fyrst på året kom det på plass tjuveralarmer i begge kyrkjene.

Me har fått koronamidlar som er brukt til meir gjerde ved Gol kyrkje.

Vi har fått tilskot til digitalt utstyr for streaming, filming, overføring av gudstenester til Helsetunet.

Frå bruktboutikken på Robru har vi fått tilskot til innkjøp av TV og utstyr for å sjå gudstenestene på Helsetunet. Mange takk for at vi har fått til dette tilbodet på Helsetunet.

Den årlege fasteaksjonen med konfirmantane måtte også avlysast i år, men med digitale løysingar gikk fasteaksjonen sin gang på Vipps og facebook.

Det er sett i gang arbeid med utviding av kyrkjegarden ved Gol kyrkje. Reguleringsplanen er ferdig behandla. Anbud vart sendt ut rett etter nyttår, med planlagt oppstart sumaren 2022.

Dugnadane ved kyrkjegardane vart i år avvikla slik at alle kunne koma når dei kunne den dagen som var annonsert. Dette for å unngå for mange folk samtidig. Det vart heller ingen matservering. Vil med dette få rette ein stor takk til alle som stilte opp for å gjera kyrkjegardane våre fine og ryddige.

Gol og Herad sokneråd i samarbeid med staben arrangerte menighetstur til Bjørneparken i september. Det var rundt 50 små og store som hadde ein triveleg dag der.

Soknerådet har vore med staben på stand på Fårefestivalen. Ein triveleg dag i Gol sentrum med mange innom på besök.

Vi har starta opp med fast gjevarteneste i soknet. Med det kan de vera med å støtte det kyrklege arbeidet i soknet. De bestemmer sjølv kor mykje og kor ofte de vil gje eit bidrag. Tusen takk til dykk som har starta opp med dette og velkommen til dei som kan tenkje seg og starte.

Julegudstenestene i år vart ikkje med fulle kyrkjer. På grunn av korona vart det påmelding med max antal personar.

Eg vil på vegna av soknerådet i Gol og Herad få takke alle for godt samarbeid og for at de har vore med å halde dei smitteverntiltaka me måtte ha i denne merkelege tida med korona. Me håper at alt kan få vera meir normalt framover og at det ikkje er nødvendig å setja grense for kor mange som kan få vera med i kyrkja under gudsteneste, dåp, konfirmasjon og gravferd lenger.

Takk til alle som gjør ein innsats på alle områder i Gol og Herad sokn.

Helsing

Gunn-Astrid Frøysok  
leiar i Gol og Herad sokneråd/fellesråd



### **3. VISJON FOR DEN NOSKE KYRKJA**

Den norske Kyrkja har ein visjon for arbeidet over heile landet. Denne visjonen gjeld også for oss i Gol og Herad sokn.

# *Meir himmel på jorda*

*Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere*

- ***vedkjennande***  
*Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.*
- ***open***  
*Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.*
- ***tenande***  
*Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.*
- ***misjonerande***  
*Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.*

*I perioden 2019–2021 skal vi arbeide for at:*

- 1 - *Gudstenestelivet blomstrar.*
- 2 - *Fleire søker dåp og trusopplæring.*
- 3 - *Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv.*
- 4 - *Kyrkja engasjerer seg i samfunnet.*
- 5 - *Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid.*
- 6 - *Kyrkja skaper trygge rom.*
- 7 - *Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon.*

På grunn av 2 år med pandemi og også at soknepresten har hatt ein del permisjon i 2021, har ikkje den planlagte strategisamlinga vore avvikla i 2021. Den kjem i mars 2022. Gol og Herad sokn har derfor ikkje laga nokon lokale målsetjingar utover dei nasjonale måla for kyrkja.

## 4. ORGANISERING

### 4.1 Sokneråd og fellesråd

#### 4.1.1. Ansvarsområde

I Gol kommune var det tidlegare to sokn – Gol og Herad. Frå 01.01.2020 vart desse to sokna slege saman til eit sokn og heiter nå Gol og Herad sokn.

Soknerådet har 8 valte representantar og 5 vararepresentantar som representerer både dei to gamle sokna. I tillegg er soknepresten medlem av soknerådet.


Soknerådet med 8 representantar og sokneprest saman med ein kommunal representant utgjer kyrkjelege fellesråd.

Finansiering av kyrkja kjem i hovudsak frå kommune og stat. § 14 i Trusamfunnslova seier:

*«Staten gir tilskudd til prestetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.*

*Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diaconi og kirkemusikk inngå.*

*Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.»*



## **4.1.2 Samansetning av sokneråd og fellesråd**

### **Soknerådet**

	<u>Medlemar:</u>	<u>Varamedlemar:</u>
Leiar:	Gunn-Astrid Frøysok	1. Bjørg Møllerpass
Nestleiar:	Jorunn Viljugrein Stake	2. Ole Roar Hagen
Medlem:	Olveig Synnøve Engene	3. Sigurd Sato
Medlem:	Ole Dag Møllerpass	4. Marita Embre Stigen
Medlem:	Hilde Midtgård	5. Heidi Bråten
Medlem:	Wenche Dahl-Michelsen Fløysand	
Medlem:	Evi Anita Torp	
Medlem:	Inger Lagmannsgård	
Prest:	Arnstein Bleiktvedt	Camilla Osnes

Sekretær på kyrkjekontoret Thorunn Haugo har vore sakshandsamar og ført referat.

### **Fellesrådet**

Fellesrådet har bestått av heile soknerådet pluss kommunal representant:

Frå kommunen: Heidi Granli Kristin Bakke Haugen

Kyrkjeverje Anne Gerd Jorde har vore sakshandsamar og ført referat.

Kjønnsmessig fordeling mellom menn og kvinner i rådet er skreiv. Av 8 medlemer er berre 1 mann. Med mannleg sokneprest blir det 2 manlege medlem av rådet. Det er også kvinnelig ordførar som er medlem av fellesrådet. Varamedlemene fordeler seg med 2 menn og 3 kvinner. Kvinneandelen er for stor i forhold til kva som er tilrådd.

### **4.1.3 Møter og saker**

Soknerådet hadde 7 møter og fellesrådet hadde 8 møter i 2021. Alle møta før sommaren var på Teams, mens møta på hausthalvåret var med fysisk oppmøte på kommunehuset. Soknerådet har handsama 45 saker og Fellesrådet har handsama 46 saker i 2021.

Type saker soknerådet har handsama:

- årsmelding og rekneskap 2020 og årsmøte
- gudstenester og arrangement
- oppsett av kyrkjevertar
- offerlister og kven som skal få offer på dei ulike gudstenestene
- saker rundt konfirmasjon, samtalegudsteneste, konfirmantfest, konfirmantbilde mm
- smitteverntiltak
- dugnad på kyrkjegardane
- skap i våpenhuset i Gol kyrkje med utstilling av gamalt messehakel og gamle bøker
- lokal grunnordning for hovudgudsteneste
- endring av retningslinjer for bruk av projektor i Gol kyrkje
- tur med kyrkjelyden til Bjørneparken
- open kyrkje (vegkyrkje) på sommaren
- kveldsandaktar i stavkyrkja
- sal av hammondorgel

- stand på Fårefestivalen
- ungdomsarbeid i Gol og Herad sokn
- omorganisering i Den norske Kyrkja

Type saker fellesrådet har handsama

- budsjett, rekneskap, økonomiplan, betalingssatsar og årsmelding
- høyring- ny strategiplan for Den norske Kyrkja 2022-2025
- rekneskapsavslutning prosjekt om rehabilitering i Gol kyrkje – brannvatn og sprinkling
- HMS revisjon og oppdatering av HMS hovudbok
- søknad om å behalde 60 år gammal grav
- felles nasjonal avtale for personvern
- alter Gol stavkyrkjetomt
- redningsplan av utstyr Gol kyrkje ved eventuell brann
- redningsplan av utstyr Herad kyrkje ved eventuell brann
- stilling som kyrkjemusikar i 20% - (Ungdomsarbeid og vikararbeid)
- gravplassutviding ved Gol kyrkjegård
- nytt reglement for bruk av ungdomsfond
- høyring om ny kyrkjeleg organisering
- utlysing av stilling som kyrkjeverje



## 5 FELLESRÅDET SI VERKSEMD

### 5.1. ADMINISTRASJON

#### 5.1.1. Administrasjonsutvalet

Hovudavtalen for KA sitt tariffområde seier blant anna at det skal opprettast eit administrasjonsutval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom fellesrådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, med mindre partane avtaler at slike saker skal handsamast på annan måte.

Gol og Herad sokn har eit reglement for administrasjonsutval som seier:

«*Administrasjonsutvalet består av 2 medlemer valt av og frå fellesrådet og 1 medlem peika ut av og blant arbeidstakarane. Valet gjeld valperioden for soknerådet – for denne perioden 4 år. Det skal også veljast personlege varamedlem både for arbeidsgjevar – og arbeidstakar representantane. Fellesrådet vel leiar og nestleiar blant arbeidsgjevarrepresentantane i utvalet.»*

Administrasjonsutvalet har i 2021 vore:

<u>Medlem</u>		<u>Varamedlem</u>
Gunn-Astrid Frøysok	- leiar i sokneråd og fellesråd	Olveig Synnøve Engene
Jorunn Viljugrein Stake	- nestleiar i sokneråd og fellesråd	Inger Lagmannsgård
Thorunn Haugo	- personalrepresentant (varamedlem for Martha Frøyland Bleiktvedt som har vore i permisjon)	

Kyrkjeverje Anne Gerd Jorde har vore sakshandsamar og ført referat.

#### 5.1.2. Møter og saker

Administrasjonsutvalet har hatt 4 møter og handsama 4 saker. Det er saker om permisjon og tilsetting av vikar for diakon.

#### 5.1.3. Tilsette

##### Fellesrådstilsette i 2021:

Ludvig Munkejord	kyrkjetenar	100 %
Knut Ole Klepp	kyrkjetenar inkl. reinhald	40 %
Thorunn Haugo	sekretær	50 %
Martha Frøyland Bleiktvedt	diakon	100 % (permisjon u/løn)
Sissel Rudningen	diakoniarbeidar	70% (vikar)
Wera Waage Frogner	diakoniarbeidar	30% (vikar 25.01.-01.12)
Justin Vickery	kantor	100 %
Britt Marie H. Hafslås	trusopplærar	100 % (40% i Hemsedal og 60% i Gol og Herad)
Anne Gerd Jorde	kyrkjeverje	100%
Tormod Skarsgard	klokkar	Timeløna (siste teneste 25.12.21)
Birgit Hatten	klokkar	Timeløna
Gro Jordheim	klokkar	Timeløna

Dei timeløna klokkarane er alle klokkarar i Gol kyrkje.

I Herad kyrkje er det kyrkjetenar Ludvig Munkejord som har klokkartenesta inne i si stilling.

Britt Marie Haraldset Hafsås er tilsett i 100%, men 40% av stillinga hører til Hemsedal og blir refundert derfrå.

## Prestar

Arnstein Bleiktvedt er sokneprest i Gol. Han hadde permisjon frå slutten av april til midt i desember 2021.

Camilla Osnes er tilsett som sokneprest i Hemsedal og har ein del tenester i Gol. Ho var fungerande sokneprest i Gol mens Arnstein hadde permisjon.

Båe prestane er tilsett av bispedømmerådet og prosten er deira leiar.

## Vikarar for organist

Når organisten har frihelger og ferie trengs det vikar. Som organistvikarar i 2021 har desse vore brukt:

Audun Haugeplass

Kåre Sørum

Ingebjørg Solhjell

Gol er heldig som har fleire tidlegare organistar busett i kommunen.

## Sumarhjelp på kyrkjegarden

Ibrahim Moustafa Chihada

Nils Ragnar Haugstad

Gerd Inger klepp hadde ansvar for stell på dei gravene kyrkjekontoret har stellavtale på.

Ibrahim har også arbeid med flytting av gravminne etter omregulering på gravplassane.



*Alle tilsette er viktige brikker for å få til eit heilt bilde*

## **SAMARBEID I HALLINGDAL**

23. september var det prostidag på Ål for alle kyrkjelege tilsette i heile Hallingdal.

Kyrkjeverjene i Hallingdal saman med prosten har hatt mange møter på Teams (digitale møter) i løpet av 2021. Møtehyppigheita har vore stor under pandemien i forhold til tidlegare. Det har vore nokon få fysiske samlingar.

Trusopplærarar og diakonar har også hatt regionale treff både digitalt og fysisk.

Prestane i Hallingdal har samling kvar månad. Mange av desse samlingane har vore på Teams under pandemien.

På gravferdsområdet skal det kvart år arrangerast eit dialogmøte med alle trussamfunn i lokalmiljøet. Kyrkjeverjene i Hallingdal samarbeider om dette møtet og det vart gjennomført på Gol i oktober 2021.

## **SAMLINGAR I STABEN**

### **Stabsmøter**

Normalt har staben på Gol kyrkjekontor stabsmøte 2 timer annakvar tysdag. Også i 2021 har det vore mange møter på Teams. I fleire periodar så har det vore møte kvar veke for å kunne ha meir kontakt når personalet har møttest sjeldan fysisk.

### **Stabsdag**

I juni var heile staben samla til sommaravslutning med lunsj på Hesla gard etter stabsmøte. Der fekk vi også omvising både inne og ute på området.

### **Julelunsj**

Det vart gjennomført ein julelunsj for dei tilsette i desember 2021 ved fysisk oppmøte. Lunsjen var på Gol bedehus med god avstand mellom kvar tilsett for å unngå smitte. Ekstra stas var det å ha med prest, diakon og vesle Theodor som nyleg var komne attende frå Japan.

## **5.2 ØKONOMI**

### **5.2.1. Innhold rekneskap**

Frå 1. januar 2020 vart Gol sokneråd og Herad sokneråd slege saman til eit sokneråd og Gol og Herad vart eittsokns. Rekneskapen som er lagt fram for 2021 er samanslege av dei tre tidlegare rekneskapa frå Herad sokneråd, Gol sokneråd og Gol kyrkjelege fellesråd. I tillegg er rekneskapen for Kyrkjebladet for Gol og Hemsedal innlemma i rekneskapen og dette er også nytta frå 2020. Både Kyrkjebladet og fleire andre prosjekt er ført på eiga prosjektnummer og sett på eigne fond og påverkar dermed ikkje rekneskapsresultatet til Gol og Herad sokneråd.

### **5.2.2. Resultat drift**

Mindreforbruket for 2021 vart på 158 385 kr.

Også året 2021 har vore prega av Covid-19 og strenge reglar om å samlast i deler av året sjølv om det ei periode på hausten var opna opp att ein del. Pandemien har ført til lite forutsigbarheit i deler av året. Det har vore meirforbruk på ein del postar. Særleg gjeld dette inventar og utstyr. Mykje av det utstyret som er kjøpt og oppgåvane som er gjennomført, er det kome ulike tilskot til. Dette gjeld blant anna midlar til gjerde på Gol kyrkjegard, digitalt utstyr for streaming og overføring til Gol Helsetun.

### **5.2.3. Resultat investering**

Det har jobba med eit investeringsprosjekt i 2021. Dette er utviding av gravplassen ved Gol kyrkje. Arbeidet har bestått av førebuingar både med regulering, oppmåling, planlegging og anbudsdocument. Utgiftene går direkte inn i det kommunale rekneskapen, men blir synleggjort i kyrkja sitt rekneskap. Det er bokført utgifter på 139 352 kr på dette prosjektet.

Brannvatn og delvis sprinkling i Gol kyrkje vart avslutta i 2020, men rekneskapsmessig vart prosjektet avslutta i 2021 med eit meirforbruk på 86 584,80 kr. Meirforbruket vart dekka frå disposisjonsfondet.



## **5.2.4. Ansvarsområde**

Rekneskapet er delt i 4 ansvarsområde:

41 kyrkjeleg administrasjon, 42 kyrkjer, 43 kyrkjegardar og 44 andre kyrkjelege formål

### **5.2.4.1. Kyrkjeleg administrasjon , ansvar 41**

**Av saker som har vore arbeid med i 2021 kan nemnast:**

- HMS- revisjon og oppdatering av HMS systemet
- Fyrstehjelpskurs for alle tilsette
- Medarbeiderfest for alle frivillige og samarbeidspartnarar
- Underteikna for felles nasjonal avtale for personvern i Den norske Kyrkja
- Høyring om ny kyrkjeleg organisering
- Høyring om ny strategiplan for Den norske Kyrkja 2022-2025
- Medarbeiderundersøking for alle tilsette i Den norske Kyrkja
- Streaming av blant anna gravferder ved nedstenging samt nokon gudstenster
- Facebooksida til Kyrkja i Gol og Herad har nå 884 følgjarar.
- Oppstart av fast gjevarteneste

### **5.2.4.2. Kyrkjene, ansvar 42**

**Av saker som har vore arbeid med i 2021 kan nemnast:**

- Søkt om og fått 50 000 kr til sprinkling i Gol kyrkje. Tårnkonstruksjon og brannvatnet er på plass, men står at ein del sprinkling ennå før kyrkja er ferdigsprinkla.
- Gjennomgang av røyr og kum til kloakken Gol kyrkje. Denne går ofte tett.
- Sal av hammondorgelet i Gol kyrkje med håp om å bruke pengane til eit flygel.
- Oppgradering av lydanlegget i Gol kyrkje. Gåvekontoen til soknerådet dekkar utgiftene.
- Innkjøp av mykje utstyr for streaming og overføring av gudstenster til Gol Helsetun
- Vedlikehald av kyrkjemerkene i både kyrkjene og utstyret til fjernstyring av klokkene
- 

### **5.2.4.3. Gravplassane, ansvar 43**

**Av saker som har vore arbeid med i 2021 kan nemnast:**

- Innkjøp av ny stor grasklyppar
- Flytta ein del gravminne – eit arbeid som har pågått frå 2009 etter omorganisering på kyrkjegardane for å få alt etter nye mål der alle gravene på kvart felt nå er like store. I 2021 vart vi ferdige med denne jobben på Herad kyrkjegard. Står at noko på eit felt på Gol kyrkjegard
- Årleg dugnad på gravplassane
- Sumarstell av 110 graver
- Planting på 104 graver til sommaren
- Hauststell av 60 graver (sokneråda plantar)
- Arbeid med planlegging av nytt steinalter på Gol stavkyrkjetomt. Det vart søkt om å få setja opp eit nytt steinalter, men dette vart avslege i fylkeskommunen.
- Gravplassutviding ved Gol kyrkjegard – førebuing til arbeidet med utviding som blir igangsett 2022

## **6.SOKNERÅDET SI VERKSEMD**

### **6.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Året 2021 har som året før vore prega av smitterestriksjonar og pandemi. Det var ei periode på hausten kor samfunnet åpna opp og ting gikk som normalt, men mot jul så blussa smitta opp att og smittevernreglane kom på plass att. Det har også vore prega av at soknepresten har vore ute i permisjon delar av våren og fram til jul. Forskjellige vikarar har vore inne. Ein ser at det kan føre til utfordringar i samarbeidet når det stadig er ein ny prest som må læra opp. Vikarane har likevel gjort ein god jobb. Soknepresten i Hemsedal, Camilla Osnes, har fungert som sokneprest i Gol og deltatt på sokneråd og fellesråd. Til jul var sognepresten på plass att og det vart feira jul endå eit år med smitterestriksjonar.

#### **Gudstjenester**

Forutan det som er nevnt over har det vore feira gudstjenester stort sett kvar sundag. Vi ser at i år har det vore lite temagudstjenester og det kan vera fordi vikarane ikkji har hatt visst om at gudstjenestene skulle ha eit tema. Vanlegvis har vi ei miljøgudstjeneste på sommaren og ei gudstjeneste for eldre. Det har og hendt at vi har gudstjeneste med eit fokus på internasjonal diakoni og/eller misjon.

I desember merka vi opp både Gol og Herad kyrkja med nummererte sete. Dette gjorde det enklare å plassere folk når dei kom og det låg også i smittevernet at det var gunstig å ha nummererte sete. Gudstjeneste har nok også i år vore prega av litt mindre nattverd enn tidligare år. Dette har å gjøre med smittevernsrestriksjonane. Når smitta har vore verst har vi valgt å ikkje ha nattverd i det heile tatt. Hovudregelen har allikevel vore at vi har nattverd på gudstjenestene våre.

#### **Dåp**

Det vart foretatt 25 dåp i 2021 og to vart utsett og 7 av dei var utanbygds, altså nokon som kom til Gol for å døype men bur ein annan stad. Dette er ikkje veldig mange dåp i forhold til tidligare år. Kor høgt det er i forhold til antall fødde hadde vore interessant å visst men tala er ikkje klare frå SSB i skrivande stund. Talet frå i fjor var 36. Regnar vi med at det er omtrent det same i år er vi på 50% hvis vi ikkje reknar med dei som var utanbygds. Vi anar her ei fortsettande nedgang. Ein grunn til dette kan vera smittevernregime. Ein annan kan være at vi ikkje lenger sender ut invitasjon til dåp fordi vi ikkje har tilgang på informasjon om kven som føder lenger. Endå ein grunn er at nokon av dei som bli fødde tilhører andre trussamfunn. I dag er 75% av befolkninga på Gol medlemmer i den norske kyrkje. Eit mål er å ha dåpsprosenten på omtrent same tal.

#### **Gravferd**

Gravferdene har hatt noko lettare smittevern enn året før og har stort sett gått føre seg på ein god måte. Det har vore nye tilskudd i gravferdsbyrået på Gol og det samarbeidet fungerar godt. Det har vorte gjennomført 46 gravferder.

#### **Vigsel**

Antall vigslar har vore lågt. Berre 6 par har gifta seg i Gol i år. Til forskjell var det 15 i 2018. Vi forventar at dette talet går opp når vi ser enden på pandemien. Det kan hende det blir eit travelt år i 2022 med tanke på vigslar. Det er klart at vigslar har vore mest påvirka av situasjonen. Det er vanskelig for para å planeleggje store festdagar når alt har vore så uoversiktleg og mange har nok venta.

## **Oppsummert**

Vi ser at pandemien har påvirkta mykje av det som har skjedd i kyrkja i 2021. Det har vore travelt og vanskeleg og stille på samma tid. Vi som arbeider i kyrkja har, som mange andre, måtte ha tilpassa oss kjapt og gjort mykje ad hoc arbeid. Heldigvis fekk vi god trening året før, men det har nok likevel vore tungt. Vi ser fram til at kvardagen kan normalisere seg og vi kan vende attende til der vi var før pandemien starta. Forhåpentligvis ser vi også ein oppgang i dåp, vigsel og besøkstal.

*Sokneprest i Gol og Herad  
Arnstein Bleiktvedt*



*Utegudsteneste med utdeling av 4-årsbok i Herad kyrkje*

## **6.2 Konfirmantåret i Gol og Herad 2021**

Som året før vart og konfirmantane dette året råka av pandemien. Utsettingar, avlysningar og planlegging i siste liten har vore vanleg. Vi trur at vi trass alt fekk utnytta konfirmantåret så langt vi kunne.

### **Leir**

Hekta 2021 vart avlyst. Vi la derfor opp til eit alternativt opplegg. Det vart ein konfirmantdag i Gol kyrkje der vi delte opp konfirmantane i tre grupper som rulerte på tre postar. To undervisningsbolkar med leik og film. Og ein post ute der konfirmantane fekk ake i veslebakken i Gol skiheis. Etter dette var det grilling før vi feira gudstjeneste sammen ute med ein gudstjenestad konfirmantane sjølv hadde ordna. Dette fungerte godt, men ein merkar at det er anleis med ein overnattingstur.

### **Konfirmasjonsgudstjenester**

Desse vart utsette til hausten då det vart love mindre restriksjonar i framtida. Vi planla allikevel for restriksjonar i tilfelle dette ikkje skjedde. Konfirmasjonsgudstjeneste vart gjennomført med lite eller ingen restriksjonar til glede for konfirmantane og familiene.

## **Undervisning**

Undervisninga har som vanleg foregått på bedehuset. Hausten 2021 vart det starta tensing-kor som konfirmantopplegg. Det vil si at konfirmantane fekk velge seg forskjellige grupper som dei skulle følgje reisten av året. Gruppene er sosial rettferd leda av diakon og trusopplærar. Band, leda av vikarprest. Og den største gruppa, kor. Det blir servert eit liten matbete som ei pause i opplegget. Til slutt er det ei andakt som rullerar på prestane, trusopplærar og diakon. Planen var at nokon av konfirmantane skulle fortsette i koret til neste år slik at vi etterkvar fekk eit solid og varig ungdomsarbeid. Det vart også utlyst ei stilling til å lede koret. Arbeidet med dette fortsatte ut i 2022.

## **Presentasjonsgudstjenester**

Det vart også i år gjennomført presentasjonsgudstjeneste for konfirmantane i Gol og Herad. Her fekk dei utdelt bibel og vart vist fram for kyrkjelyden. Desse vart i år litt seinare enn vanleg då konfirmasjonsgudstjenestene for konfirmantane i 2021 vart på hausten.

## **Oppsummert**

Konfirmantkullet 2021 fekk, som året før, eit litt halvvegs år. Mykje vart avlyst og utsett. Men konfirmasjonane vart vel gjennomført på hausten og alt tatt i betrakting kunne det ikkje gått betre. Konfirmantane som begynte på hausten fekk eit heilt nytt opplegg kor dei sjølv fekk velje grupper. Det gjenstår å sjå kor godt dette fungerar. Vi tenkjer at gruppeinndelig er lurt då vi har store konfirmantkull i Gol og Herad og det er utfordrande å ha alle i eit rom for vanleg undervisning. Vi evaluerer og jobbar videre med dette i 2022.

*Sokneprest i Gol og Herad  
Arnstein Bleiktvedt*



## **6.3 Kyrkjeutvala**

Det er valt eit kyrkjeutval for kvar av kyrkjene, men på grunn av koronaen så har aldri desse utvala vorte samla og kome i gang med arbeidet sitt. Soknerådet har etter forslag frå staben bestemt å legge ned desse utvala. Det ser ut som arbeidet i dei to kyrkjene fungerer utan eit slikt utval.

## **6.4 Musikkarbeidet**

### Kyrkjemusikkutvalet:

Medlemmer: Wenche Dahl- Michelsen Fløysand og Karianne Østro.

Vara: Gunn Astrid Frøysok.

Organisten kallar inn til møte.

Det har ikkje vore møte i kyrkjemusikkutvalet i 2021.

I løpet av 2021 har musikk spilt en viktig rolle i kirkens liv i Gol og Herad. Kantoren Justin Vickery har sørget for spilling i gudstjenestene, andakter på Hesletunet, Åpen kyrkje, vielser, begravelser og konserter. Han har også koordinert forsangertjeneste i gudstjenestene og vært med i og planlagt noen fine konserter og musikkandakter, til tross for pandemien. Det var 1 orgelkonsert på skjærtorsdag, spilt av Vickery og en digital adventsstund med Gunnar Slaatto og Vickery. I juni var det folkemusikkmesse i Gol kyrkje med innsats fra angere og folkemusikkere fra hele Hallingdal. Vickery dirigerte prosjektkoret og spilte på orgel. Vigdis Moen Storhaug var prest. Birger Liahagen spilte trekkspill og Rebecca Loft spilte fele. Det har vært bra innsats fra forsanger gjennom 2021. De har gjort mye for å berike gudstjenester. Spesielt takk til Gunnar Slaatto som har bidratt mye. Det har også vært mye samarbeid med lokale solister gjennom året i gudstjenester og i stavkirkenes sommer completorium/kveldsbønn. Spesielt takk til Karianne Østro og Linda Krydsby som har bidratt mye. På allehelgensdag spilte den meget dyktige cellisten, Suzanne Engelmann.

Organist Justin Vickery



*Orgelet i Herad kyrkje*

### **Konsertar**

I tillegg til dei konsertane som organisten har arbeid med, så har Kyrkja arrangert ei konsert 1. søndag i advent med Seven-jentene. Dette var ei konsert primært for barn og unge og familiær, men også andre hadde glede av denne musikalen.

Gol kyrkje har vore utleidt til konsert med Kim Rysstad og Maria Arredondo i juni og Kim Rysstad i desember.

## **6.5 Diakoniarbeidet**

### *Diakoniutvalet*

Medlemmer: Olveig Engene (leiar), Inger Lagmannsgård, Bjørg Hoftun, Ingebjørg Solhjell, Wera Wåge Frogner og Sissel Rudningen

Varamenn: Hilde Midtgård (sokneråd) og Solveig Rundhovde (frivillige)

Antal møter: 2 (februar og september)

### *Tiltak og aktivitetar*

#### · Samtaler/heimebesøk/soknebud

Antal heimebesøk: 56

Antal samtale utanom heimebesøk: 209

Antal soknebud: 0

#### · Gratulasjonsbesøk til 90- og 100-åringar

9 personar som fylte anten 90 eller 100 i 2021 fekk tilbod om besøk anten av diakonen eller frivillige. Gullrekka, Amadeus og konfirmantar har vore med og laga gåvener.

#### · Sorgarbeid

o Sorgarbeid for vaksne

Dei som har mista ein av sine nærmaste det siste året, fekk invitasjon til ein open kveld for sørgjande på bedehuset 11. nov. 3 hadde meldt seg på. Ein vart sjuk. Prest og diakon var tilstades og hadde ein fin kveld med 2 sørgande.

#### · Andakt og nattverdsgudsteneste på Gol helsetun og omsorgsboligar

Antall andakter: 12 på Helsetunet, 5 på Runding

Antall gudstenester: 4 gudstenester med nattverd og 1 fysisk gudsteneste på Helsetunet.

#### · Diakonens time

Diakonen og Ingebjørg Solhjell besøker omsorgsboliger og dagsenteret. Program om lag 1 time, med sang, forteljing, biletframSYNING og lystenning.

Furuvegen, Torstadvegen og Blågangen fikk 22 besøk.

Dagsenteret fikk 9 besøk.

#### . Open kyrkje i Gol kyrkje

Gol kyrkje er open for stille, meditasjon, bøn og lystenning kvar torsdag mellom kl.18-19.

Antall kvelder: 12

#### . Åpent hus på Gol bedehus

Formiddagstreff siste torsdag i månaden.

Komite: Sigrid Hoftun, Mari Eiklid, Inger Lagmannsgård, Solveig Bleiktvedt og Sissel Rudningen

Antall treff: 5 (- måtte avlyse samlingene i januar, februar, mars, april, mai grunna korona)

#### . Eldres dag

Vart gjennomført 26. september i Gol kyrkje med 28 deltagarar i gudstenesta. Helselaget hadde kyrkjekaffe i kyrkja/på kyrkjebakken etter gudstenesta. Ein tok valet om å ha det i kyrkja istadenfor på Helselagsstugu, grunna betre plass.

#### . Sangstunder for mennesker med nedsatt funksjonsevne

Annankvar onsdag på fellesstugu i Helsetunvegen. Heile våren vart avlyst grunna korona. I august startet vi opp igjen. I haust har vi hatt frukt og saft/vatn-te/kaffe i pauza. Fekk økonomisk tilskot frå Kristelig Studieforbund som tidlegare.

Antal deltagarar: 9 brukarar + tilsette/ledsagerar, Sissel Rudningen (leiar) og Ingebjørg Solhjell (piano).

Antall sangstunder: 3 (adventsstund 2. des i Gol kyrkje inkludert)

#### . Kyrkjekaffe

Det vart kyrkjekaffe etter Allehelgens gudstenesta i Gol kyrkje på formiddagen og i Herad kyrkje på kvelden. Resten vart avlyst.



. Arbeid retta mot innvandrarar

- o Torsdagstreff for kvinner og barn

Fleirkulturelle treff for kvinner og barn på Helselagsstugu tredje torsdagen i månaden. Det er eit samarbeid mellom Gol Helselag, Røde Kors og Diakoniutvalet.

Komite: Gunhild Sørum (Gol Helselag), Solveig Lindheim (Røde Kors), Marie Louise Mole, Selmavit Tesfayesus, Haifa Saatawi, og Wera Wåge Frogner.

Antall treff: 3

Vi måtte avlyse fleire treff og sommartur grunna korona. Det vart ingen samlingar på Renslotunet denne sommaren Sjå eiga årsmelding.

- o Språkkafé

Samarbeid med Gol bibliotek. Målet var å ha språkkafé fyrste torsdag i månaden, men heile vinteren og våren gjekk utan at me fekk arrangert noko. Me har hatt 2 samlingar i oktober og november.

. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Tradisjonell fasteaksjon var ikkje gjennomførbar i år heller. Konfirmantane fekk digital undervisning i forkant, og var bøssebærarar digitalt – dvs. dei samla inn pengar til KN gjennom facebook. Gol og Herad sokn samlet inn til saman 28.828 kr.

. Rullatormila

I samarbeid med Dagsenteret på Helsetunet, vart det arrangert eit strålande rullatorløp, Rullatormila, denne sommaren. Ordføraren og kommunedirektøren kom og kasta glans over arrangementet med tale, heirop og aktivitet i løypa. Det var stor stas for alle saman. Om lag 25 deltok og fekk medalje.

. Pilegrimsvandring

Den nye pilegrimsruta har fått justert nokre skilt og det er vorte hengt opp små plakatar med kvar av dei ulike perlene i Kristuskransen spreidd rundt om i heile løypa. Desse fungerar som pauser til bøn og ettertanke.

Sundag den 31.oktober hadde me ei pilegrimsvandring med start frå Herad kyrkje. Me gjekk berre halve løypa med overgang ved stasjonsbrua. 5 stk var med på turen, der me hadde dugurd, samtaler, bøn, song og stilletid gjennom den tre timer lange turen.

*Gol, den 18.februar 2022*

*Sissel Rudningen*

# ÅRSRAPPORT 2021

## TORSDAGSTREFF for kvinner

### Helselagsstugu, Gol

«Torsdagstreff» er et flerkulturelt samarbeidsprosjekt for Diakoniutvalget, Røde Kors og Nasjonalforeningen for folkehelsen Gol Helselag. En torsdag i måneden møtes vi på Helselagsstugu i Gol.

En komite bestående av innvandrerkvinner og representanter for de tre samarbeidende laga (norske) legger opp programmet for det påfølgende halvåret. Hvert møte har et tema med foredragsholder, eller vi strikker og syr. Vi har også i år, våren og sommeren 2021 dyrket grønnsaker på Renslojordet. Vi har møtt onsdager fra kl 17 i dyrkingssesongen og stelt kjøkkenhagen.

På grunn av koronasituasjonen i år, har hele programmet for vårhalvåret 2021 falt ut. Det eneste vi gjennomførte var en hyggelig sammenkomst søndag 20. juni 2021. Det skulle vært på Renslotunet, men p.g.a. dårlig vær ble det flyttet til Helselagsstugu. Wera hadde lagt opp leker for barna. De voksne hygget seg med mat og prat.

Torsdagstreffene holder på fra klokka 18. 00 – 20.00. Noen av kvinnene hentes heime og kjøres heim etterpå, særlig i den kalde, mørke årstida. Noen barn og unge jenter er også med. Voksne betaler kr. 20,- og barn og ungdom kr. 10,- hver gang. Dette dekker nesten, men ikke alltid, utgiftene til mat. Maten lages på omgang. På den måten lærer vi ulike lands matkulturer å kjenne. Torsdagstreffet har blitt svært populært.

Dyrking på Renslotunet sommeren 2021 gikk som planlagt med 7 deltagere:  
Marie Louise, Pennina, Huang, Ogbá, Ingebjørg R, Britt O (delvis med), Gunhild



*Torsdagstreffet sin kjøkkenhage på Renslotunet*

## **Høsthalvåret 2021:**

Planleggingsmøte 31. august 2021 på Helselagsstugu der programmet for høsten 2021 ble lagt.

*Torsdag 16. september*

Tema: Om grav og begravelser v/ Anne Gerd Jorde, daglig leder/kirkeverge ved kirkekontoret i Gol og Herad og Bente Andreassen fra Gol Begravelsesbyråd

Mat: Grønnsakssuppe med poteter fra Renslotunet.

*Torsdag 21. oktober*

Tema: Strikkekveld med Wera Waage, Frogner

Mat: Selamavit lagde mat denne gangen

*Torsdag 18. november*

Tema: Arbeidsliv i Norge v/ Tonje Kopstad, personalsjef i Gol kommune.

Mat: Syrisk mat v/ Fatima

*Torsdag 16. desember: p.g.a. koronasituasjonen fikk vi ikke gjennomført juleavslutning. Vi prøver igjen 20. januar 2022.*

Gol Kyrkjekontor fører regnskapet for Torsdagstrekk

Gol, desember 2021

Diakoniutvalget i Gol, Gol Røde Kors besøkstjeneste, Gol Helselag

Sissel Rudningen/ Wera Waage Frogner, Solveig Lindheim/ Gudrun Bøthun, Gunhild Sørum



## **6.6 Trusopplæringa**

### Trusopplæringsutvalet:

*Medlemmer: Marita Embre Stigen, Jorunn Viljugrein Stake, Heidi Bråten og Hilde Marie Berget. Vara: Evi Anita Torp.*

Trusopplæringsutvalet hadde eit teams-møte i april og eit fysisk møte i september.

### Tilsette:

Britt Marie Haraldset Hafsås har 60% stilling som kyrkjelydspedagog i Gol og Herad og 40% i Hemsedal.

### Dåp og dåpsbesök:

I 2021 vart 21 born døypt i Gol og Herad. Trusopplæraren har ansvar for å skaffe materiell til utdeling ved dåpssamtalen og til dåpsbesök ved 1-, 2- og 3-års dåpsdag. Det var 14 frivillige dåpsbesökjarar som til saman hadde ansvar for å dele ut dåpsgåver til 73 born i 2021.

### Babysong:

Babysong vert arrangert i samarbeid med Frelsesarmeens. Vi fekk ikkje lov av smitteverngruppa å ha babysang i vårsemesteret. Det var sakna av mange, og gjorde at ein del ikkje fekk gått på babysang, då dei begynte i barnehage når hausten kom. I løpet av hausten deltok 11 born.



### Førsteklasses:

Førsteklasses vart arrangert ein sundag i mars. Då hadde vi utegudsteneste med utdeling av 6-årsbok, med kyrkevandring og aking etterpå. Oppmøtet var noko lite, 6 seksåringar deltok. Dei som kom uttrykte likevel at dei var nøgde med tilbodet.

### Tårnagenthelg:

Tårnagenthelga i juni vart heldigvis ei ganske vanleg fysisk samling dette året. Vi hadde tårnagentsamling laurdagen i Herad som vanleg, men gudstenesten vart flytta til Gol på sundagen, for å kunne ha plass til fleire med avstandsreglar. Dette fungerte veldig greitt, og det var ein liten bonus at tårnagentane fekk bli kjent i begge kyrkjene. 8 tårnagentar frå 3. klasse deltok.

## Gardsbesøk og den gode hyrde

Gardsbesøka vart avlyst grunna korona.

## Middelalderdagen for 4.trinn

Trusopplæraren fekk i år ansvaret for middelalderdagen for 4. klasse, og valte i samarbeid med Gol skule og endre litt på opplegget, som er delt over to dagar. Vi hadde først ein halv dag med «pilegrimsvandring». 4.klasse kom gåande opp pilegrimsruta til Gol kyrkje. Der spela Justin på orgelet når dei kom inn, og vi hadde ei samling på ein liten time med undervisning om kyrkja i mellomalderen. Mot slutten av undervisninga kom diakonarbeider Sissel inn, i rolla som ein pilegrim. Dette vart ein del av undervisning om pilegrimar i mellomalderen, og om den nye pilegrimsruta i Gol. Etterpå gjekk vi samla pilegrimsruta opp til stavkyrkjetomta og snakka litt om tomta og den gamle stavkyrkja, før 4. klasse gjekk tilbake til skulen.

Nokon dagar etter møttest vi ved Gol stavkyrkje. Der snakka vi litt om stavkyrkja, om symbola og kunsten i den, før vi hadde 50-leiken på området utanfor etterpå.



## Trusopplæring i naturen (Når eg ser din himmel)

Ikkje gjennomført i 2020.

## 4-årsbok

4-åringane vart invitert til utegudsteneste ved Herad kyrkje 2. mai, sidan konfirmasjonane vart flytta til hausten. Vi inviterte til gudsteneste først, og piknik og kyrkjevandring, i familiekohort, etterpå. Vêret var med på å gjøre dette til ein stor suksess, nokon familiar sat lenge på graset og prata etter gudstenesten, medan ungane sprang rundt og leika. 10 fireåringar kom, av berre 21 døypte i det kullet. (48 %)

## Gullrekka – 5 år:

Femåringane i Gol og Herad fekk ein spesiell invitasjon til å vere med på Gullrekka i september, og på kyrkjelydsturen til Bjørneparken. Det vart dessverre ingen oppslutning om dette blant femåringane.

### Helmax helaften:

Avlyst grunna korona

### KA-dag:

1.-3.- klasse var invitert til kyrkjeaktivitetsdag på skulen sin planleggingsdag i november. Vi starta, som tidlegare år, i Gol kyrkje, og gjekk ned til Gol bedehus. Det vart ein fin dag med ein veldig fin liten gjeng! 7 deltagarar er ikkje mykje, men nokon foreldre set veldig pris på dette tilbodet!

### Lys Vaken:

Dette året fekk vi gjennomført Lys Vaken for 5. klasse andre helga i advent. Heile 13 deltagarar var påmeldt, men eit par vart sjuke, så vi hadde med ein flott gjeng på 11 stk.

### Between-klubb

Ein fredagskveld i oktober prøvde vi oss på eit nytt tilbod. Då hadde vi klubb-kveld for 4.-7. klasse på Gol bedehus. Her var det rom for bordtennis, biljard, spel, playstation og leik. Vi hadde open mini-kiosk, der ein kunne kjøpe litt godteri og brus, og få gratis pølser, og så hadde vi ei kort videoandakt på storskjerm. Vel 20 stk kom, det var god trøkk, og tilbakemeldingane var gode. Dette håpar vi å kunne tilby ca 2 gonger i halvåret framover.

### Julekrybbevandring:

Vi fekk gjennomført 3 vandringar i kyrkjene med barnehagebarn, 1 i Herad kyrkje for Herad barnehage, og 2 i Gol kyrkje for Breidokk og Vesterhuset.

### Konfirmanter:

Til saman var det 40 konfirmandar i Gol og Herad i 2021. Konfirmantleiren vart avlyst, men vi hadde ein konfirmanddag i og ved Gol kyrkje i februar. Ein kald dag, men det vart likevel bygging av snøalter og førebuing til utegudsteneste.



### Gullrekka:

Gullrekka vart reorganisert i haust, og har no bytta ut fredagskveldane med ein måndag i månaden. Det er og gjort endringar i organiseringa. No deler ein i to fellessamlingar kl 17.30-18.00. 0 år til 3. klasse følger Sprell levande-opplegget frå Sundagsskulen, 4.-7. klasse har brukt opplegget Aldri alene frå sundagsskulen/Acta/kyrkja. Etter dette har vi delt i aktivitetsgrupper, der alle velger kva aktivitet dei vil på. Vi har hatt song/musikk, hobby og aktiv – gymsal/klatrehall (kan veljast frå 4. klasse). 35 barn har vore innom, med eit gjennomsnitt på 9 på kvar samling. Nokon samlingar har vore sterkt prega av koronasituasjonen, til dømes møtte berre 2 i september. Veldig gledeleg var det på leiarmøtet i haust, då det var 4 vaksne og 5 ungdomsleiarar! Vi er takksame for ein liten gjeng med engasjerte ungdom som tek ansvar, både på Gullrekka, og i andre tiltak!

### Amadeus:

Det vart berre gjennomført ei samling på Amadeus på vårhalvåret og ei på hausthalvåret dette året. Det har vore utfordrande å skaffe leiarar, og det var utfordrande med koronasituasjonen, spesielt fyrste halvdelen av året. På hausten vart det vedteke å prøve å starte Ten Sing med konfirmantane, og prøve å bruke ressursane inn der. Håpet var å få med Amadeus-gjengen inn her, men det klarte vi ikkje.

### Vandring gjennom Bibelen for barn (VGBB):

Trusopplæraren har ikkje hatt oppdrag i skulen på Gol i kalenderåret 2021.

### Andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkja:

Fårefestivalen: Vi hadde stand på Fårefestivalen med litt ulike aktivitetar.

Leirstøtte: Ingen leiraktivitet i 2021.

### Fagleg samarbeid og kurs:

Trusopplærarane i Hallingdal har møttest 3 gonger digitalt.

Britt Marie har delteke på nokon dititale fagdagar og webinar, og i november var ho på ein fagdag i Drammen.

Trusopplæringskonferansen var digital dette året og. Vi inviterte til felles inspirasjonskveld med Hemsedal for frivillige og tilsette, men skulle gjerne hatt med fleire på det.

### Takk

Takk til alle som har vore med å bidrege i trusopplæringa – tilsette, frivillige, foreldre og føresette! Dette har vore nok eit annleis år med mange nye utfordringar, og ein del har på mange måtar blitt sett på vent. Vi fekk ei god periode på hausten, før det stoppa seg litt att mot jul. Likevel må vi stå på vidare, og håpe på ei betre tid i 2022.

Det er eit stort og gjevande arbeid me får vera med i – å bringa barn og unge til Kristus.

Takk til Han som har gitt oss tenesta og oppgåva: « Gå difor og gjer alle folkeslag til lærersveinar: Døypt dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

*Britt Marie Haraldset, trusopplærar*